



Saksframlegg

Forskrift om skulefritidsordning i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Vedlegg

- 1 Forskrift for skulefritidsordninga i Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag.

Etter gamal opplæringslov er det gjort unntak frå kunngjeringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) i forvaltningslova § 38 for fleire lokale forskrifter. Dette unntaket er fjerna i den nye opplæringslova. Det betyr at kommunane og fylkeskommunane skal kunngjere fleire forskrifter i samband med lova som trådde i kraft 1. august 2024.

Lokale forskrifter som gjeld frå og med hausten 2024 bør i så stor grad som mogleg bli fastsett og kunngjerast etter ny lov. Lokale forskrifter etter gamal lov kan likevel framleis gjelde.

Kommunene og fylkeskommunene skal fastsette lokale forskrifter

Tema	Hvem	Hjemmel
Permisjon fra skolen	Kommunen	Ny lov § 2-2 (4)
Skulefritidsordning (SFO)	Kommunen	Ny lov § 4-5 (5)
Skoleregler	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 10-7
Skolerute	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 14-1 (2)
Hovedmål ved den enkelte skole*	Kommunen og fylkeskommunen	Ny lov § 15-2

Etter opplæringslova § 4-5 skal kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilte behov for 1. – 7. årstrinn.

Kommunen si plikt til å ha skulefritidsordning er avgrensa til skuleåret. Det er ingen plikt for kommunen til å ha ei slik ordning i feriane. Opplæringslova gir ikkje elevane rett til plass i SFO. Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga.

Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Når skolefritidsordninga er knytt til skulen, skal rektor vere leiar. I Fyresdal er den daglege drifta lagt til leiar i SFO

Departementet kan gi forskrift om gratis skulefritidsordning, moderasjonsordningar og om innhald og oppgåver for skulefritidsordninga.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; der det står at ein skal ha god økonomistyring og tilpassa tenestenivå ut i frå tilgjengelege rammer.

Ein ynskjer å få godkjent lokal forskrifter om skulefritidsordning for Fyresdal kommune. Denne er bygd på UDIR sin mal.

Dersom det er gjort endringar i innhald i forskrifta i tråd med ny opplæringslov, må heile forskrifta bli fastsett og kunngjort etter ny lov.

Tidlegare hadde skulefritidsordninga vedtekter for ordninga, nå må desse gjerast om til forskrifter. Det er gjort endringar etter ny lov og organisasjonen har også endra seg. Desse endringane står i raudt.

Andre ting er gjenteke fleire gonger og står dobbelt. Dette er stryke over og skal ut av dokumentet.

Fyresdal skulefritidsordning har i dag mange barn og tida etter skuletid er viktig for å bygge relasjonar som igjen skaper venskap i skuletid. Men tida etter skulen kan også vere utfordrande og slitsam etter ein heil skuledag. Det er difor viktig at det er positive og nok vaksne i denne tida.

Gratis skulefritidsordning gir fleire barn i ordninga, men ikkje fleire vaksne.

Per i dag er nasjonal rettleiande bemanningsnorm på SFO ein vaksen per 15 barn.

I vedtektene til skulefritidsordningen i Fyresdal per dags dato står det:

«Norma for bemanning er 1 vaksen pr. 1 -10 (max.13) barn, dette er avgjort kommunalt ut frå lokale forhold og behov, jamfør opplæringslova §13-7, Ot.prp nr. 60.»

Ein tenker ikkje at det er klokt å redusere bemanning, men det er viktig at politikarane har rett fakta grunnlag for å gjere rektige vedtak.

Det er difor forslag om nytt punkt:

Behovet for bemanning er avhengig av kva slags aktivitetar vi tilbyr, alderssamansetting, kor mange barn som deltek, dagleg opphaldstid og talet på barn med særlege behov. I tillegg til SFO-leiar har SFO ei grunnbemanning på minst ein vaksen per 15 barn. Skulefritidsordninga skal ha tilstrekkeleg bemanning slik at formålet med SFO blir oppfylt

Konklusjon:

Forskrifta skal leggst ut på Lovdata etter at den er godkjent av kommunestyret. Forskrifta må ut på høyring i forkant av godkjenning. Høyringsfristen for forskrifter er vanlegvis 6 veker. Høyringsinnspel vil så bli vurdert og lagt fram for kommunestyret i samband med endeleg godkjenning. Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg legg forskrifta ut på høyring.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om skulefritidsordning i Fyresdal kommunerett leggst ut på høyring. Høyringsfrist blir sett til 17.juni. Endeleg godkjenning av forskrifta gjerast av kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst

